

Rapport fra vurderingsutvalget for ny norsk skjønnlitteratur for voksne, prosa 2022

Det er to innkjøpsordningar for ny norsk skjønnlitteratur for voksne, ei automatisk og ei selektiv. Formålet med ordningane er at det skal bli skapt, gitt ut, spreidd og lese ny norsk skjønnlitteratur for voksne. Kulturrådet stiller eit minstekrav til kvaliteten på utgjevnadane, og innkjøpa skal samla bidra til stor breidd i norsk litteratur. Gjennom den selektive ordninga blir det lagt til rette for at nye utgivarar kan få bøkene sine vurderte for innkjøp. For den selektive innkjøpsordninga må utvalet halde seg til den fastlagte budsjettetramma for ordninga.

Vurderingsutvalet for prosa handsamar romanar, noveller, kortprosa, biletbøker med prosatekst og tekstlause biletbøker med voksne som primær målgruppe.

Påmeldinger og innkjøp 2022:

Automatisk ordning:	Behandlet	Innkjøpt	Avslått	Innkjøpsprosent
Parallelutgave	200	170	30	85
Kun p-bok	2	2	-	100
Nynorsk	28	24	4	86
Bokmål	174	148	26	85
Forfatter – kvinne	92	76	16	83
Forfatter – mann	109	95	14	87
Debutant	31	22	9	71
Totalt	202	172	30	85

Selektiv ordning:	Behandlet	Innkjøpt	Avslått	Innkjøpsprosent
Parallelutgave	30	6	24	20
Kun p-bok	8	3	5	38
Nynorsk	3	-	3	0
Bokmål	35	9	26	26
Forfatter – kvinne	18	4	14	22
Forfatter – mann	20	5	15	25
Debutant	13	4	9	31
Totalt	38	9	29	24

Påmeldinger og innkjøp siste 3 år:

Automatisk ordning:	Behandlet	Innkjøpt	Avslått	Innkjøpsprosent
2022	202	172	30	85
2021	239	207	32	87
2020*	201	182	19	91

* Kategori 1

Selektiv ordning:	Behandlet	Innkjøpt	Avslått	Innkjøpsprosent
2022	38	9	29	24
2021	29	7	22	24
2020*	52	15	37	29

* Kategori 2

Påmeldinger og innkjøp fordelt på forlag i 2022 – automatisk ordning:

Forlag	Behandlet	Innkjøpt	Avslått
AUDIATUR BOKHANDEL AS	1	1	-
BONNIER NORSK FORLAG AS	6	6	-
CAPPELEN DAMM AS	45	44	1
CAPPELEN DAMM AS AVD FORLAG	4	4	-
COMMUNICATIO FORLAG AS	2	1	1
FAIR FORLAG AS	1	-	1
FINNMARKSFORLAGET v/Sylvi Jane Husebye	1	-	1
FLAMME FORLAG	10	8	2
FORLAGET OKTOBER AS	18	18	-
FORLAGET PRESS AS	1	1	-
FORLAGSHUSET I VESTFOLD AS	7	2	5
FORLAGSHUSET VEST AS	1	-	1
GAVECA, NILS PETTER VIGESTØL	1	1	-
GYLDENDAL NORSK FORLAG AS	37	37	-
H ASCHEHOUG & CO W NYGAARD AS	20	20	-
J M STENERSENS FORLAG AS	1	1	-
KAGGE FORLAG AS	2	1	1
KAPABEL FORLAG AS	2	1	1
KOLOFON FORLAG AS	1	-	1
PAPERMOON AS	2	-	2
PITCH FORLAG AS	1	-	1
SKRIVEAKADEMIET SOLBERG	2	1	1
SOLLIA FORLAG Bjørn Brænd	1	-	1
SOLUM BOKVENNEN AS	6	4	2

Forlag	Behandlet	Innkjøpt	Avslått
STIFTINGA DET NORSKE SAMLAGET	13	12	1
SVEIN SANDNES BOKFORLAG AS	4	-	4
UTENFOR ALLFARVEI FORLAG AS	1	1	-
VIGMOSTAD & BJØRKE AS AVD ST OLAVS GATE OSLO	9	8	1
WIGESTRAND FORLAG AS	1	-	1
AASE & WIIG AS	1	-	1

Påmeldinger og innkjøp fordelt på forlag i 2022 – selektiv ordning:

Forlag	Behandlet	Innkjøpt	Avslått
A1 KRIMFORLAG	1	-	1
ADELE JAUNN	1	-	1
AINA SKOLAND	1	1	-
ANDERS SOMBY	1	1	-
ANTROZETHA FORLAG AS	1	-	1
BOKEN FORLAG RENATO BARTOLOMEI	1	-	1
BRYNHILD MEHAMMER FORLAG	1	-	1
CREALEA ASKØ	1	-	1
DOGGED PUBLISHING HORAKOVA	1	-	1
DÅREKISTEN FORLAG KNUT J. MICHELSSEN	1	-	1
EIDEM KOMMUNIKASJON	1	-	1
ELIN FOLGERØ STYVE	1	-	1
EMMA MANIN	1	-	1
ENVIG AS	1	1	-
FJØL FORLAG EINAR STENSrud	1	-	1
GEMINI THORSEN	1	-	1
GFGUNDER FORLAG GUNNAR FLØRENES GUNDERSEN	1	-	1
ICENAS EGHBALI	1	1	-
INSALA AS	1	1	-
J.SÆRNBLOM	1	1	-
KOLOFON FORLAG	1	-	1
KRISTIN RIBE	1	-	1

Forlag	Behandlet	Innkjøpt	Avslått
KUNSTBOKHANDELEN AS	1	1	-
LINDA ISABELL	1	-	1
MOSSERUD MINDREBØE			
MARS FORLAG SIRI	1	-	1
LØVÅS SEVERINSEN			
MELKEVEIEN FORLAG	1	-	1
MIKKELSEN DESIGN	1	-	1
NORDISK FREDSSENTER	1	-	1
OWAL KRISTIN ELISE AALL	1	-	1
DONS-WALLEBEK			
PAPERMOON AS	1	-	1
PUBLIZM AS	1	1	-
SKAMLØST FORLAG AS	2	-	2
SKOGLUND	1	-	1
TANTE FRIDA FORLAG, H.	1	-	1
KNUTSEN			
TRYGG-FORLAG TRYGG	1	1	-
HØLVOLD			
WILLIAM SEM FURE	1	-	1
SKRIVEOPPDRAG			
ØIVIND BERG	1	-	1
CONSULTING			

Kommentar til statistikken

Prosautvalet har i 2022 behandla i alt 240 titlar. 181 titlar vart kjøpt inn. Det utgjer ein total innkjøpsprosent på 75 %. I 2021 låg den totale innkjøpsprosenten på rundt 80 %. Viss ein går litt nærmare inn på enkelte av tala og samanliknar så var innkjøpsprosenten 87 % på den automatiske ordninga i 2021, mens det vart kjøpt inn 24 % av titlane på den selektive ordninga. Til samanlikning har prosautvalet i 2022 kjøpt inn om lag 85 % av titlane som har vore meldt på den automatiske ordninga, mens det er kjøpt inn om lag same prosentdel som i fjar på den selektive ordninga. Det er færre bøker på den automatiske ordninga for 2022 samanlikna med året før. I 2021 vart det behandla 238 titlar, mens for 2022 var dette talet 202. Parallelt har talet titlar på den selektive ordninga auka frå 29 titlar i 2021 til 38 titlar i 2022. Dette er med på å forklare kvifor den totale prosentandelen går såpass mykje ned då avslagsprosenten er naturleg høg på den selektive ordninga. Men avslagsprosenten har vore noko høgare på den automatiske ordninga i år.

Om utvalet

Utvalet har i 2022 hatt fem faste medlemmer i tillegg til to varamedlemmer og to ekstralesarar. Oddmund Kårevik hadde vore med i utvalet frå 2020 , Mirjam Kristensen kom inn hausten 2021, elles har det vore eit nytt utval. Leif Bull, Ingeborg Arvola og Ingri Løkholt Ramberg vart alle oppnemnde i 2022. Kjell Ola Dahl vart oppnemnt som vara våren 2021, mens Rune F. Hjemås var nytt varamedlem og oppnemnt saman med resten av utvalet i

2022. Ingrid Z. Aanestad har vore med sidan 2020, først som suppleant og seinare som ekstralesar og Nora Szentivanyi kom inn som vara i 2020 og har vore ekstralesar frå 2021.

Oddmund Kårevik har leda arbeidet for 2022, men sa i desember frå seg leiarvervet for 2023 grunna helsemessige årsaker. Han blir erstatta av Rune F. Hjemås som vil leia prosautvalet frå 2023. Frå 2023 er Nora Szentivanyi ny vara, mens Oddmund Kårevik er ekstralesar dette året.

Vurderingsutvalet for ny norsk skjønnlitteratur for vaksne, prosa har i 2022 bestått av:

Oddmund Kårevik (leder) (1978), Viken. Biblioteksjef på Enebakk bibliotek. Har tatt forfattarutdanninga ved norsk barnebokinstitutt (2011-2013). Fast skribent i Bok og Bibliotek 2014–2018 og fast bidragsytar og medlem i redaksjonsrådet til tidsskriftet STEMMER frå 2013-2019.

Mirjam Kristensen (1978), Agder. Skjønnlitterær forfatter og bibliotekar. Sitter i komiteen til Doblougprisen.

Ingri Løkholm Ramberg (1990), Troms og Finnmark. Universitetslektor ved Universitetet i Tromsø. Sentral bidragsyter til Hamsun-forskingen i nord, og leder for den skjønnlitterære delen i Nordnorsk Litteraturfest i Harstad. Aktiv deltaker i litteraturfeltet, som skribent, forsker og anmelder.

Ingeborg Arvola (1974), Oslo. Forfatter og dramatiker. Debuterte i 1999, har siden skrevet en rekke bøker for både barn og voksne. Mottok i 2004 Cappelenprisen, og ble tildelt Havmannprisen i 2008. Mottok Brageprisen for siste bok *Kniven i ilden* som også er nominert til Nordisk råds litteraturpris.

Leif Bull (1977), Oslo. Forfatter og oversetter. Ph.d. i amerikansk litteratur fra Goldsmith College i London. Har i flere år skrevet for tidsskrifter som Vinduet, Bokvennen og Mellom, og har arbeidet som forlagsredaktør.

Kjell Ola Dahl (vara) (1958), Viken. Forfatter. Har utgitt en rekke kriminalromaner, og har bl.a. mottatt Rivertonprisen og Brageprisen.

Rune F. Hjemås (vara) (1982), Trøndelag. Forfatter, oversetter og redaktør i forlaget BeijingTrondheim. Debuterte i 2008. Mastergrad i rettsvitenskap fra Universitetet i Oslo og utdannelse fra Skrivekunstakademiet i Bergen. Skriver for ulike aviser og tidsskrift. Aktiv som mentor for unge skrivende på nettstedet Trafo. Mottok Trondheim kommunes bykunstnerstipend for 2019.

Nora Szentivanyi (ekstraleser) (1969), Viken. Forfatter. Cand.philol.i litteraturvitenskap fra Göteborgs universitet, har gått på Forfatterstudiet i Bø og Litterær Gestaltning i Göteborg. Har bakgrunn som forlagsredaktør på Spartacus forlag.

Ingrid Z. Aanestad (ekstraleser) (1983), Oslo. Forfatter fra Rogaland. Har utgitt fem romaner, en poetikk, en essaysamling og en barnebok og har gjendiktet poesi fra svensk og engelsk.

Prosautvalet har behandla 240 titlar fordelt på ti møter i perioden april 2022 – februar 2023. Varmedlemmer har erstatta faste medlemmer på sju av våre ti møte. Fem av møta har vore fysiske i lokala til Kulturrådet, mens fem av møta er gjennomført digitalt. Det er behandla 25 bøker per møte, med unntak av augustmøtet som var det første møtet der me behandla

2022-titlar på den selektive ordninga og det siste møtet no i februar 2023. I desse møta behandla me henholdsvis 20 og 21 bøker.

Det har vore to førstelesarar per bok, og lesepara har variert. Me les ti bøker kvar til kvart møte. Avgjerdar blir tatt på møte når dei to førstelesarane har vore sikre og einige. Ved usikkerheit eller usikkerhet har boka blitt lesen av ein tredje lesar i utvalet og deretter diskutert per e-post. Om det framleis er tvil om kvaliteten har me sendt boka vidare til ekstralesarane.

Årets utval har brukt mykje tid på å tvile. Me har nytta oss av ein tredje lesar på 31 av årets 240 utgjevnadar. Ni av desse bøkene vart sendt vidare til ekstralesarane. Åtte av dei var på den automatiske ordninga, mens den niande boka var frå den selektive ordninga. Av desse ni bøkene vart tre kjøpt inn, mens seks vart avslått. Desse titlane har då blitt vurdert av fem lesarar. I vedtaksrunden stiller alle fem med ei stemme. Å gjere ei grundig vurdering er eit bevisst val. Fleire blikk hjelper oss til å ta betre avgjerder.

Me har ikkje henta inn konsulentfråsegner på bøker som vart vurdert i 2022.

Tendensar og analysar

2022 har vore eit spennande leseår med mange høgdepunkt. Krimsjangeren er framleis stor. 40 av dei påmeldte titlane var krim, altså ein prosentdel på om lag 16 % som er litt ned frå dei siste åra der prosenten har vore rundt 18 %. Det tyder at kvar sjette bok me las i 2022-bunken var ei krimbok. Nokre bøker set seg relativt låge mål, men oppfyller det dei prøver på. Her finn me ein del av krimbøkene. Det kan vere frustrerande å lese forgløymelege bøker med eit såpass lågt ambisjonsnivå. Enkelte bøker er likevel gode nok fordi dei klarer det dei prøver på, andre klarer det ikkje. Nokre krimbøker er likefullt særskild minneverdige. To dømer er *Dorothea Bjørk* av Bjørn Bottolvs som gjorde eit varig inntrykk med ein svært original hovudkarakter. Inntrykk gjorde også Eva Fretheim med boka *Dronningland*, ein sterk psykologisk krim satt til bygda.

Det er ganske langt mellom bøkene som får oss til å verkeleg stoppe opp, der me må ta ein pause i lesinga fordi språket krev så mykje av oss. Men det finst til dømes i Lars Ellings *Fyrstene av Finntjern* med gnistrande poetiske bilete eller Morten Langelands *50/50* med sin språklege briljans og slentrande poetiske tone.

Utvalet har behandla 44 utgjevingar frå debutantar i 2022. Dette talet har gått ned dei siste åra. I 2020 var talet 62, mens i 2021 var talet 50. For 2021 vart 36 av dei 50 titlane frå debutantar kjøpt inn, mens i 2022 vart 26 av 44 titlar kjøpt inn. Blant årets debutantar er Johan Høst (*En nasjon i sjakk*), Ingelin Westeren (*Musikk for folk i trøbbel*), Ingrid Brækken Melve (*Avstøtning*), Leander Djønne (*Oskespiralen*), Carl Henrik Berge (*Saltstøttens sønn*) og Kjersti Bergersen (*Palliasjon*).

Utvalet har behandla 18 novelle- og kortprosautgjevingar i 2022. Det er ein liten nedgang frå 2021 då utvalet behandla 22 bøker i denne sjangeren. Årets novelle frå Publizm var ei av bøkene som vart kjøpt inn på den selektive ordninga. Sindre Aven debuterte med

kortprosaboka *Arkeologene*. Kortprosa er ein sjanger der ein såg mange debutantar tidlegare, mens no det er langt mellom dei som debuterer i denne sjangeren.

Humor er sjeldan kost i norsk samtidsprosa, difor legg me særleg merke til døma som dukkar opp. Erlend Loe er eit døme på ein forfattar som meistrar dette verkemiddelet godt. I andre tilfelle blir det for mykje av det gode. Det kan vere ein humor som fungerer i starten av boka, men som blir trøyttande etter kvart og lesaren fell av. I slike tilfelle kan verkemiddelet stå i vegen for forteljinga.

Ei trend som held fram frå 2021 er at det kjem fleire bøker innan science-fiction. *En strek gjennom tyngdekraften* redigert av Joanna Rzadkowska, Frøydis Sollid Simonsen og Maria Dorothea Schrattenholz er den første antologien med science fiction-tekstar, i alle fall på ei stund. Edgar Burås (psed.) fullførte bøkene om smarthuset Alfred i *Alfred 2.0*. Mette Karlsvik skapar eit heilt nytt språk i *Surtsey*, ei blanding av nynorsk og islandsk. Nora Eide har i boka *Følgefeil* skrive ei av dei første bøkene på norsk med ein klonakarakter. Det har også kome fleire titlar med skrekkelement som til dømes *Tom: Den andre viljen* av Runar K. Dahle.

Krigen er eit velkjent tema og brått meir aktuelt. I 2022-bunken er det eit par krigsbøker som skil seg ut. Kristian Klausen ser på 2.verdskrig frå nazisten Eichmans synsvinkel i *Den lille mannen fra Argentina*, for anledninga plassert i Drammen. *Om stein og jord* av Peter Franziskus Strassegger tar for seg skuldperspektivet i det faktum at bestefaren var nazist. I boka *Schonung* tematiserer Mathias R. Samuelsen skuldkjensle i å vere overlevande frå konsentrationsleir slik bestefaren hans var. Den nedarva skulda er med på å komplisere livet og livsval her og no.

Transtematikk kjem opp i fleire aktuelle titlar. Molly Øxnevad problematiserer Rikshospitalets vurderingar om kven som skal få kjønnsbekreftande behandling i *Feminin gange*. Astrid Nordang problematiserer om det går an å velje kjønn slik sonen til *Anita* (53) gjer i starten av romanen. Boka som gjorde aller sterkest inntrykk på utvalet var å finne i den selektive ordninga. Jim Særnbloms bok *Trans* er umogleg å stille seg likesæl til. Denne tematikken treng eit større format enn til dømes diskusjonar på Twitter tillét og det er positivt med fleire titlar som gjer det mogeleg å tenkje tankane til ende.

Mannsrolla blir problematisert i fleire titlar, til dømes i boka *Situasjoner* av Erik Engblad. Her står alt på spel med ein veldig sint mann i hovudrolla. Eivind Buenes *Konfirmasjon* tematiserer fedrars manglande rettar ved samlivsbrot. Mens Kine Jeanette Solberg si *I alle farger* handlar om ein middelaldrande mannleg kunstlærar som motvillig blir trekt mot den mest talentfulle studenten i klassen, ein ung mann får han til å teste ut å stikke handa ned i ei bøtte med slim, noko som får uante konsekvensar.

2022 var eit år med fleire psykisk sjuke mødrer og adoptivmødrer i bøkene me las. Me merka oss særleg bøkene til debutanten Arild Rossebø med *Den siste komle* som handlar om ei mor med bipolar liding, Marianne Teie med *Dama til Rune* der hovudkarakteren er tydeleg skada av oppvekst med ei dysfunksjonell mor. I Sigrid Merethe Hansens bok *Kom ei jente gående*

vert eit barn nærast kidnappa av eit par som har myndighetane på si side. Kvinnen i ekteskapet slit allereie psykisk og trur at det å få eit barn vil hjelpe henne. Det gjer det ikkje.

Boka til Arild Rossebø har også med vestlandskristendommen som tema. Vigdis Hjorth tematiserer religion og vaksne som ligg i *Femten år: den revolusjonære våren*. Tru og tvil er sentrale tema i Ulla Svalheims debut *Til troende*. Mens Håvard J. Nilsens bok *Om høsten kommer de tilbake* er sjeldan på den måten at det er ein av få bøker med folkehøgskole og pinsemenighet som bakteppe. Religion og trusspørsmål er framleis eit viktig tema i den norske samtidsprosaen.

Ein liten, men likevel påfallande trend, er at dei nye kulturelle signalbygga i hovudstaden blir gjenstand for til dels mykje merksemeld i fleire av 2022-bøkene. I bøker av Morten Langeland, Lars Mørch Finborud, Matias Faldbakken og Olav R. Øyehaug blir både Bjørvika og det heilt nye Nasjonalmuseet (opna sommaren 2022!) nytta som byrom i fiksjonane og granska som arkitektur. Dette er med andre ord stadar som verker å vekke interesse blant norske forfattarar.

Audiatur forlag (Julie Stokkendahl: *Drømmelaboratoriet*), Skriveakademiet (Eva Salhus Winter: *Lukk meg i ditt hjerte inn*) og Utenfor allfarvei forlag (Ingebjørg Liland: *Pappa har fest*) er alle døme på små forlag som fekk kjøpt inn ei bok på den automatiske ordninga.

Fellestrekk blant titlar som får avslag

Ifølgje retningslinene skal kvar tittel bli vurdert innan sin sjanger, og utvalet skal mellom anna legga vekt på om dei påmeldte utgjevnadane

- er heilheitlege litterære verk
- har tilstrekkelege kunstnarlege, språklege og handverksmessige kvalitetar
- har vore underlagt eit nødvendig redaksjonelt arbeid

Retningslinene er alltid med i vurderingsarbeidet vårt, men er særleg nyttig å sjå til i tilfella der det er tvil om bøkene er gode nok og dei gongane me seier nei. Me kan sjå gode skisser til bøker som rett og slett ikkje har fått god nok redaksjonell behandling. Eller me kan sjå bøker som har kvalitetar, men som feilar på kriterium 2 (kunstnarlege, språklege og handverksmessige kvalitetar). Det kan vere krimbøker som ikkje går opp, der det bli svært hektisk mot slutten, eller det kan vere bøker som ikkje er truverdige særleg der nettopp truverd er ein viktig faktor bøkene bygger på. Enkelte tekstar opererer med eit reint ein til ein forhold mellom tekst og lesar. Det finst ikkje noko mellom. Fleire av desse fungerer ikkje litterært, sjølv om dei kunne gjort det om stoffet hadde blitt betre bearbeida. Av og til har utvalet tenkt at enkelte tekstar kunne blitt eit godt avisinnlegg. Alle tekstar treng ikkje bli bok.

Dei fleste titlane me behandler opplever me som heilheitlege. Her finst unnatak særleg i den selektive ordninga, der fleire titlar feilar på alle tre punkt.

Tilpassing og utvikling

Prosautvalet har vore gjennom eit par rundar med behandling av titlar på den selektive ordninga. Me har i utgangspunktet hatt ei føring på at desse titlane berre skal behandlast i utvalet utan å trekke inn ekstralesarane. Etter augustmøtet såg me at det vil vere av det gode å bruke ekstralesarane ved tvil. I den andre runden med selektive bøker i januar 2023 var det naudsynt å ta inn ekstralesarane for å finne nivået på ein av titlane. Me vil foreslå å vidareføra moglegheita for å trekke inn ekstralesarane i dei tilfella det er sterk tvil, så lenge det ikkje står i motsetnad til det avgrensa budsjettet.